



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitenskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap



NÆRØY
FJORDEN
VERDSARVPARK

Formidlingsplan



For
Nærøyfjorden Verdsarvpark

Innhald

Innleiing.....	3
Kven er planen for.....	4
Behovet for ein plan.....	4
Overordna mål.....	5
Mål for arbeidet.....	6
Målgrupper.....	7
Korleis måle om me oppnår måla våre?.....	7
Metode.....	8
Interpretasjon – kva, kvifor og korleis.....	8
Beskrive metoden.....	8
Slik jobbar me.....	9
Verdsarv.....	9
Regionalpark.....	10
Døme på samarbeid.....	11
Verneområde.....	11
Visit selskapa.....	11
Norges Verdensarv.....	11
Satsingar.....	12
Fjord Rangers.....	12
UNG i Park.....	12
Bøker og trykksaker.....	12
Verdsarvsenter.....	13
Oversikt over formidlings- og undervisningsarbeid i Nærøyfjorden Verdsarvpark.....	15

Innleiing

Formidling er ein grunnleggande verdi i UNESCO sitt arbeid, og temaet har høg prioritet i verdsarvområda. Som regionalpark er fokuset på formidling også eit av hovedområda for aktivitet. Formidling har ein nøkkelfunksjon både i bevaringsarbeidet og med omsyn på å skape ny aktivitet som bidreg til ei positiv utvikling i området.

Det finst store mengder informasjon om verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap tilgjengeleg. Ei rekkje undersøkingar og utgreiingar innan ulike fagfelt er dokumentert skriftleg, og i tillegg er det skrive mange bøker og artiklar om området, mellom anna om folket på fjord- og hyllegardane. Her er òg flotte naturskildringar og dokumentasjon av seterkulturen. Historieforteljing og formidling er sterkt forankra i desse kjeldene.



Den beste formidlinga skjer alltid på staden der det som skal formidlast fysisk finst. Fokuset i formidlinga av verdsarven Vestnorsk fjordlandskap ligg sjølvsagt på dei natur- og kulturkvalitetane som ligg til grunn for verdsarvstatusen, og dette dannar utgangspunktet for alt formidlingsarbeid.

Vestnorsk fjordlandskap har starta ei rekkje formidlingsprosjekt etter at området vart innskreven på UNESCO si liste over verda si naturarv. Informasjonssenter er opna, brosjyrer og informasjonstavler er utvikla, og tavlene er utplasserte på strategiske informasjonspunkt. Sekretariatet har i tillegg drive eit svært aktivt formidlingsarbeid gjennom ulike oppdrag som foredrag om verdsarvområdet, faglege innlegg, informasjonsrundar og undervisningsopplegg til skular, organisasjonar og lokalbefolkning, men og talar med verdsarv som tema er eksempel på viktige formidlingsoppdrag.

Statusen som Verdsarv og som regionalpark gjer Nærøyfjorden Verdsarvpark til eit unikt verkty og som verkty kan NVP vera ein viktig medspelar i utviklinga av området – både som lokalmiljøutviklar og som reisemålsutviklar.

Kven er planen for

Oppdraget frå UNESCO er tydeleg, og det skjer i ei eller anna form kvar dag for organisasjonen. Det nyttige med ein slik plan er å halde oversikt over kva me har av tilbod, å kunne kvalitetssikre dei ulike tilboda og å finne kvar me kan bli betre og kvar me ikkje har oppdaga behov.

Plan tydelegjer arbeidet NVP gjer i regionen når det gjeld formidling av området sine verdiar og status, formidling av UNESCO sine verdiar og historie, og målet om lokalt engasjement og eigarskap.

I den enorme informasjonsflaumen som me lever i, krevst det at budskapen vår når fram i mylderet av stemmer, og at me ikkje lagar unødig "støy", men leverer kvalitet i alle ledd – til alle målgrupper. Tilsette treng planen for å heile tida kunne vidareutvikle og gjere oss betre. Parkstyret treng planen for å kunne ha oversikt og kunnskap om det arbeidet organisasjonen brukar ressursane på.



Behovet for ein plan

Nærøyfjorden Verdsarvpark står i ei særstilling, med forventningar om å skulle vere formidlar av både internasjonal, nasjonal og lokal verdsarv i tillegg til å skulle vere eit regionalt utviklingsverktøy i kraft av å vere regionalpark.

Planen vil beskrive korleis NVP forhold seg til ulike målgrupper, korleis formidlings- og undervisningsopplegg blir utvikla og kva arenaer for formidling som NVP har til rådvelde. Det blir utarbeidd årlege handlingsplanar som i større detalj vil beskrive formidling og utadretta verksemd frå år til år.

Føremålet er å gjera kvar og ein medviten om den verdien me har som verdsarv, og den verdien me har som lokalsamfunn – med ein slik status som me har fått frå resten av verda! Men også om det ansvaret me har for å ivareta dei verdiane som ein slik status gir. Eigarskap til desse verdiane vil kunne generere gode løysingar for verdiskaping i regionen.

Overordna mål

UNESCO sin Verdsarvkonvensjon, artikkel 4, viser vårt oppdrag og ansvar:

Artikkel 4:

Alle statspartene erkjenner at plikten til å identifisere, verne, bevare, formidle og overføre til framtidige generasjoner den kultur- og naturarven som det er vist til i artiklene 1 og 2, og som befinner seg på dens territorium, i første rekke påhviler den samme staten. Så langt ressursene rekker, vil staten gjøre alt for å gjennomføre dette, også, når det er på sin plass, ved hjelp av tilgjengelig internasjonal bistand og samarbeid, spesielt av økonomisk, vitenskapelig og teknisk art.

Forankring av formidlingsplanen finn ein i :

- Handlingsplan – som blir laga for kvart år
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – som no blir oppdatert
- Kommunikasjonsplan for Vestnorsk fjordlandskap – ein felles plan for begge delområda i fellesskap med verneområdeforvaltninga i dei to områda
- Planverk for kommunane i området

Me har eit ansvar for å stadig gjere vårt beste for å formidle kunnskap om, og bidra til bevissgjering om både verdsarvstatus – og det ansvar som kjem med statusen. NVP har eit mål om å meisle ut ein heilskapleg plan og tanke bak formidlingsarbeidet. Det er viktig å fylgje opp informasjon og opplæring til mange ulike målgrupper. Kvar av dei vil tene på tilpassa formidling, og me kan legge opp eit langsiktig løp for til dømes born og ungdom i området vårt.

Verdsarvstatusen er eit kvalitetsstempel og ei merkevare som kan nyttast i produktutvikling innanfor ei rekkje sektorar. Det må vere ei målsetjing for regionen å legge til rette for etablering av næringar



og bedrifter i verdsarvområdet. Kunnskap er nøkkelen til gode, berekraftige etableringar. Det krevst ein innsats med marknadsføring, vertskap og lett tilgjengeleg og tydeleg informasjon.

Skal ein nå fram til besøkande med kunnskap om verdiane i området, er ei felles plattform av formidlingsmetode og forståing eit avgjerande utgangspunkt.

Ein god formidlingsstrategi og jamnlege vertskapskurs vil vere viktige faktorar for å lukkast i det arbeidet. Ei felles forståing og ikkje minst eigarskap til status og område er kjernepunkt for å lukkast i å forvalte natur- og kulturverdiane verdsarvstatusen byggjer på.

Mål for arbeidet

- at formidling i barnehage og skular blir fast inn på årsplanen til kvart trinn
- at formidling i barnehage og skular kan utviklast med tanke på progresjon og heilskapleg plan tilpassa kvart trinn/aldersgruppe
- at ein kan kvalitetssikre formidlinga ved å teste kunnskap → måloppnåing etter td.7trinn og 10.trinn
- at formidlingstilbodet frå NVP står fast på årshjulet for dei ulike trinna uansett lærar eller formidlar frå NVP →forankring hjå skuleleiing
- at gjesteopplevinga blir god
- at dei besøkande skal vite at dei er i/har vore i eit verdsarvområde



Målgrupper

Barnehage	Skule	Born og unge-fritid – lokale og eksterne (besøkande)
Lokalbefolkning	Lag og organisasjonar	
Partnerar	Besøkande	Bedrifter (reiseliv)
Bevilgande mynde	Kommunestyre	Fylket-hovudutval for kultur, integrering og...

Korleis måle om me oppnår måla våre?

Gjesteundersøkingar
 Evalueringsskjema
 Elevundersøking 7. og 10.trinn
 Kahoot
 Repetisjon gjennom skuleløpet



Metode

Interpretasjon – kva, kvifor og korleis

Formidling er eit samlebegrep som blir brukt om ulike måtar å fortelje noko om noko til nokon. Det er ulike teknikkar og pedagogiske verkemiddel ein kan nytte for å nå fram med budskapet sin. NVP ynskjer å reindyrke ein av desse teknikkane, og den vert kalla interpretasjon.

Interpretasjon som begrep blir definert slik: fortolkning, forklaring, analyse, utlegning

Beskrive metoden

Interpretasjon er ein formidlingsteknikk som har vore i bruk i mange år. Det var i nasjonalparkane i USA den vart utvikla og europeiske parkar har sidan henta inspirasjon derifrå.


Kort sagt handlar metoden om å gi objektet, staden eller området ei djupare mening for mottakar. Den som formidlar tek i bruk kjensleregisteret vårt for å gi mottakar ei djupare, personleg kontakt med - og dermed utfordre mottakar til å engasjere kjenslene sine i møte med objektet, staden eller området.

Som menneske har me eit sett felles register av kjensler. Alle kan relatere til sorg, glede, redsle, tryggleik, omsorg, kjærleik og hat. Tanken er at om mottakar vert påverka gjennom både intellektet og kjenslene, så vil også budskapet i formidlinga bli både forstått OG hugsa betre fordi ein ikkje klarar å halde seg likegyldig.

Her finn du meir informasjon:

<https://interpretationstandards.files.wordpress.com/2019/04/standards-2019.pdf>

https://interpnet.files.wordpress.com/2020/07/definitions_project.pdf



Slik jobbar me

Verdsarv

Det overordna målet for NVP er å alltid søke å finne beste praksis i å drive formidling av verdsarvstatusen til både lokale og besøkande. Dette inneber å kunne tilpasse informasjon og formidling av denne til ulike grupper til ei kvar tid.

Det betyr også at beste metode og kanal for å nå målgrupper alltid må vere i fokus. Det er også viktig å kunne formidle med eit tydeleg og levande språk, som gjev målgruppa relevant kunnskap, og som kan lede til større eigarskap til verdsarvstatusen.

Arbeidet for å bevisstgjere alle ledd i lokalsamfunna kva forventningar som ligg i å forvalte verdsarvstatusen går føre seg kvar dag.

Ulike utfordringar og valg når det gjeld samfunnsutvikling vil nokre gonger ha i seg kimen til eventuelle interessekonflikter. NVP sitt mål er at kunnskap og eigarskap kan gi det beste grunnlaget for gode avgjerder.

Formidling til ulike grupper besøkande vil krevje ulike former for informasjonskanalar og ulike metodar for formidling. NVP er i gang med sertifisering av dei tilsette for å kunne drive med interpretasjonsformidling i Verdsarvparken.



Regionalpark

Synleggjering av kva verktøy parken kan vere for å kunne utvikle regionen. NVP som organisasjon har kompetanse og ressursar til å kunne hjelpe både små og store aktørar til utvikling.

NVP er eit verktøy for regionen som kan vere med å sikre at utvikling skjer medan ivaretaking av natur- og kulturverdiane er med i planane. Dette er avgjerande for å kunne leve og bu i regionen.

Me må kunne støtte og løfte fram gode idear og vise potensialet i å tilby det vakraste fjordlandskapet på ein ansvarleg måte.

Dei ulike prosessane med merking av stiar og oppsett av informasjonstavler syner at lokal involvering fører til større eigarskap og tydelegare engasjement.

Me ynskjer eit levande landskap og aktive bygder der folk kan leve gode liv – det krev også at samfunnsutvikling blir aktualisert for dei som lever og arbeider i området til Verdsarvparken.



Døme på samarbeid

Verneområde

Samarbeid med Verneområdeforvaltninga er viktig for å kunne drive god og sameint formidling. Det er i vår felles interesse å kunne gje god og oppdatert informasjon om områda som me saman er sette til å arbeide i. Difor vil me utarbeide felles kommunikasjonsplan og nettside. Dette arbeidet er allereie i gang, og nettsidene vil publiserast i løpet av 2021. Desse sidene vil presentere begge delområda i Vestnorsk Fjordlandskap og verneområda som ligg i Verdsarvområda.


Visit selskapa

Samarbeid med Visit-selskapa er teneleg for å kunne formidle kunnskap om området, og å gi rett informasjon til besøkane. Det er og ein god arena for å skape forståing for varsemda me må ha i området vårt hjå ei stor næring som nettopp reklamerer med den unike naturen og opplevingane me kan by på.

Saman med Visit Sognefjord vil NVP utvikle ei læringsplattform der tilsette i reiselivet kan lære om, og bli trygge på, kunnskap om området dei skal arbeide i. **Motimate** er plattformen som skal nyttast. Her vil ein kunne legge inn ulike trinn, med testing av kunnskap før neste trinn kan gjennomførast. På den måten kan ein kvalitetssikre at innlært kunnskap er forstått rett, slik at vidare formidling av slik kunnskap til besøkande, blir best mogleg. Tanken er at alle i "1.linje", td bussjåføren, butikktilsette, resepsjonistar osv. skal kunne kurse seg på same plattform, og dermed få same kunnskap å formidle vidare.

Norges Verdensarv

Alle verdsarvstadane i Noreg har saman utvikla ei felles utstilling som skal rullast ut over heile landet. Utstillinga består av fleire deler og vil presentere verdsartanken globalt, nasjonalt og lokalt. Nokre av elementa i denne store satsinga er no i ferd med å ferdigstillast. Dei første ferdige utstillingane vil bli sette opp i Alta, på Vega, og i Geiranger. Basisutstillinga består av fysiske element til utstillingsareal innandørs og utandørs, eit billedgalleri på nett, filmar frå alle områda osv.



Satsingar

Fjord Rangers

Det er eit mål for NVP å bygge opp eit lag med tilsette (sesong) som kan fungere som guidar og formidlingsstab ute i felt. Dette kan og bli eit tilbod til cruisebåtar /turistbussar– med personell som kjem ombord og fortel om verdsarven, området og så vidare – etter modell frå Alaska. Begge delområda i Vestnorsk Fjordlandskap arbeider med dette og har eit samarbeid om å finne beste løysing for eit slikt opplegg.

Første trinn i denne planen – å sertifisere dei tilsette i NVP som "Certified Interpretive Guides" – er noko NVP går i gang med hausten 2020. I samarbeid med Norske Parker vil ein arrangere kurs etter Interpret Europe sine standardar. Dette er kurs som vert nytta i regionalparkane ellers i Europa, og som set ein internasjonal standard for formidlingsteknikken me ynskjer NVP skal stå for. Her skal også Geiranger vere med. I neste omgang kan me vidareføre kunnskapen og sjølve lære opp vårt eige personell.

UNG i Park

Ei satsing som Norske Parker har introdusert og oppfordrar regionalparkane om å jobbe med. I NVP har ein allereie fleire prosjekt og samarbeid der denne tanken er grunnleggande. Både i organisert undervisning på ulike klassetrinn og i samarbeid med til dømes fritidsklubb o.l. er fokus på dei unge ei hovedsatsing i formidlingsarbeid og i kunnskapsbygginga rundt verdsarvstatus.

Bøker og trykksaker

Det har kome fleire bøker om området vårt, til dømes "Opptur- Nærøyfjorden". NVP har produsert fleire ulike trykksaker i løpet av åra, til dømes "A map for travellers of the fjord". Brosjyrer og kart blir distribuerte ut til kommunane, reiselivsbedriftene og turistinformasjonane. Siste tilskot er Verdsarvboka, som er ny dette året, og som m.a presenterer alle verdsarvstadane i Noreg.



Verdsarvsenter

Eit av hovudmåla med å etablere eit verdsarvsenter er å skape ein ny møteplass for lokalbefolkninga i Aurland og besøkjande til Aurlandsvangen. Å opne opp bygget på bakkeplan gjev moglegheiter for utvikling av eit område som i dag kan stå fram som lite tilgjengeleg. Ynskjett er å gje besøkjande og dei lokale ein smak og ein historie av Aurland og verdsarvområdet.

For å kunne gi den beste presentasjonen av alle gode moment som er trekte fram i denne planen, så står arbeidet med Verdsarvsenteret som ei avgjerande brikke. Det er behov for ein stad å sette opp Basisutstillinga frå Norges Verdensarv, det er naudsynt å kunne ha ein stad å samle ekspertise og kunnskap.

Det er viktig å ha eit bygg som er tilpassa formidling til store og små grupper, både born, unge og vaksne. Lokal eigarskap til staus som verdsarv vil bli styrka når det blir eit fysisk bygg som kan visast fram, som fortel om området – og set det inn i ein global samanheng.

I tillegg til å romme utstilling frå Noregs Verdsarv vil det og vere lokal utstilling som i form og innhaldsutvikling vil ha ei brei lokal forankring.

Me skal SAMAN finne beste praksis i forteljninga om området, om historia og kva me vil vise fram. Arbeidet med ei slik utstilling vil ha med lokalbefolkninga og ta inn dei elementa som er viktige for lokalsamfunnet.



Verdsarvsenteret vil romme levande formidling, utstillingar, visningsrom for film og vere ein god møteplass med god takhøgde! Det vil vere eit attraktivt besøksmål for besøkande i regionen – både norske og internasjonale.

Som regionalpark vil eit senter vere ein naturleg stad å samle gode krefter for å kunne vere den beste verktøykassa for å skape levande bygder i eit levande landskap. Samlokalisering med til dømes verneområdeforvaltninga og andre er ein føresetnad for finansiering.

Forprosjektet er klart, og det er kjølelager-bygget i Aurland som er utgreia som lokasjon for eit framtidig Verdsarvsenter. Vonaleg vil arbeidet med prosjektet gå vidare og ha god framdrift, med tanke på finansiering og leigeavtalar. Dette må vere ei prioritert oppgåve for heile organisasjonen i tida framover.



Aurlandsfjorden og dei kringliggjande fjella vil bli ein del av kafèen, kor dei besøkjande og dei lokale kan nyta både lokal mat og framifrå utsikt.



Verdsarvsenteret skal stå fram som eit inviterande bygg, kor livet og aktivitetane i kvar etasje er lette å lesa.

Oversikt over formidlings- og undervisningsarbeid i Nærøyfjorden Verdsarvpark

Tiltak	Mål / Bodskap / Tema	Kanal /metode	Målgruppe	Tid	Utfører/ ansvarleg	Eksterne samarbeidspartar	Notat
Undervisning i verdsarv-kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss	-Landskapsdanning/-endring gj. is og vatn, lausmasser -Jorda si oppbygning, bergartar, skred, bergsprekker -Stein som ressurs, lokal kulturhistorie	Utedag/turdag med forteljing/samtalar og aktivitetar	Førskuleborn 1.-2. trinn (3.-4. i nokre tilfelle)	Heil dag	NVP	-Li Gardstun -Sivle Gard -Stalheim Hotel -Sogn Naturforvaltning - Fortidsminneforening	3 ulike temadagar over 3 år i kvar kommune. Tema knytt til verdsarvverdiane / stadeigne verdiar knytt til natur og kultur. Hovudvekt på geologi.
Undervisning i verdsarv-kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss	Auka kunnskap og oppleving av verdsarven og berekraftig bruk/ferdsle	Leirskuleaktivitetar i Dyrdal – grend ved Nærøyfjorden	-6. trinn ABU -5.-7. Flåm Skule	Variierer: Frå to timar til halv- og heildagsopplegg	-NVP -ABU -Flåm Skule	-Sogn Naturforvaltning -Indre Sogn Kystlag	-Sporlaus ferdsle - introduksjon til friluftsliv -Botanikk -kulturminne/historie -skjøtsel / stirydding -Opplæring om Sognebåt
Undervisning i verdsarv-kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss	Auka medvit om, stoltheit over og tilknytning til staden -Stadressursanalyse -verdsarv/verneområde -tur i / ved verdsarvområdet	Innandørs og utandørs undervisning, guida tur med oppgaveløysing	8. trinn	To heildagsopplegg, + dobbeltime	NVP	Verneområdeforvaltar og SNO og lokale turlag	Vert gjennomført årleg i Aurland. Vert starta opp i Lærdal og kanskje Voss 2020/21

Tiltak	Mål/Bodskap/Tema	Kanal/metode	Målgruppe	Tid	Utfører/ansvar	Eksterne samarbeidspartar	Notat
Formidling i / om verdsarv-kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss	Bidra til opplevingar, kunnskap/interesse og engasjement for verdsarven og andre natur- og kulturverdiar i lokalsamfunna og regionen	Tematiske, guida turar mynta på ulike delar av lokalbefolkninga Frå lågterskel-turar til meir krevjande turar Fritidsturar	Born, ungdom, vaksne	3-9 timar. Sjeldan over-nattings-turar	NVP	Parkpartnarar, kjentfolk og verksemder i området	Ein tur i kvar kommune kvart år. Satsar meir og meir på turar som er lette til middels krevjande, slik at flest mogleg kan delta
Undervisning om verdsarven og parken	Auka medvit og kunnskap blant dei som arbeider med born.	Foredrag/ verkstad i barnehagane	Tilsette i barnehagar og skular	1-2 timar	NVP	(Eit par år nytta med fagfolk med geologi-/naturfagskompetanse til dette.)	Alle kommunane, unnateke Vik. Bør skje med jamne mellomrom
Formidling om historie og tradisjonar	Engasjement og opplæring. Handverk, byggjeskikk, kulturhistoria	Foredrag, seminar, kurs med ulikt innhald. Arr. knytast til kulturminne-dagane	Handverkarar, grunn- og huseigarar, lag/ org.	Frå 2-3 timar til 3-4 dagar	NVP	Handverkarar o.a. fagpersonar. Parkpartnarar o.a. aktuelle samarbeidspartar.	Dette er aktuelt også for andre med interesse for eller jobbar innan fagfelta
Formidling Skjøtsel	"Rydd eit kulturminne" Mål: kjennskap til historia rundt kulturminnet Bevissgjering og kjennskap til bruk av natur og stiar	Praktisk deltaking,	5.trinn	1 dag	NVP ABU	Evt grunneigarar	Kva som krevst for å halde stiar/tuområde i hevd, og om ivaretaking av kulturminne
Formidling Skjøtsel, vedlikehald	Friluftsliv – generell opplæring Mål: bevissgjering og kjennskap til bruk av natur og stiar – praktisk arbeid	Fokus på skjøtsel, vedlikehald og tilrettelegging	8-10.trinn valfaget friluftsliv	1-2 dagar	NVP ABU	Samarbeid mellom ansvarleg lærar for faget og Parken	Kva som krevst for å halde stiar/tuområde i hevd, mestring, innsikt og forståing, naturkunnskap

Tiltak	Mål/Bodskap/Tema	Kanal/metode	Målgruppe	Tid	Utfører/ ansvarleg	Eksterne samarbeidspartar	Notat
Stirydding skjøtsel vedlikehald	"Stiryddedugnad" Mål: halda ferdselsårer opne og i god stand, fremje folkehelse tanken og stimulere til auka bruk	Samarbeid mellom NVP og Aurland turlag der ein årleg ryddar gamle ferdselsårer	Alle	1 dag	NVP DNT - Aurland	Grunneigarar	
Vandring og integring	Generell opplæring i bruk av naturen, og innføring i kulturen/historia, språktrening Mål: bevisstgjer og kjennskap til norsk "tur- kultur"	Felles opplegg, organisert og med ulike turmål, opplevingar	flyktingar	1-2 dagar	NVP Flykting- tenesta	Partnerar i Parken Kommunar Private aktørar Venneforeningar	Har hatt turar både i Aurland og Lærdal
Skilt og tavler	Kunnskapsformidling Orientering	Info-punkt Kulturhistorie Naturhistorie Verdsarv	Alle – både lokale og besøkande i området	Heile året	NVP	Kommunane Verneområdeforval- tar Venneforeningar Grendalag Grunneigarar	Dette arbeidet gjer NVP på oppdrag frå Vestnorsk fjordlandskap
Verdsarvhus Evt Informasjons- kioskar	Vertskap og informasjonspunkt	Både skriftleg og muntleg formidling	Alle – både lokale og besøkande i området	Heile året	NVP Bygdene	Kommunane Verneområde- forvaltar Venneforeningar Grendalag Grunneigarar	Innfallsportane/ Grendene
Strandrydde- dag	Formidling, fokus på marin forureining	Praktisk deltaking	Elevar i grunnskulen	1 dag	NVP skulane	Grunnskulane i verdsarvbygdene Partnerar Kommunane	God oppslutnad Har vore gjennomført i Aurland og Vik

Tiltak	Mål/Bodskap/Tema	Kanal/metode	Målgruppe	Tid	Utførar/ ansvarleg	Eksterne samarbeidspartar	Notat
Parkmøte	Formidling Samarbeid Kunnskapsdeling	Involvering og engasjement	Alle	1 dag i året	NVP	Kommunane Partnerar	Aktuelle saker som partnerar og samarbeidsorg. elles ynkjer å ha på dagsorden
Nettsider	Kunnskap og informasjon	Historikk Aktualitet	Alle	Oppdatert og relevant	NVP	Alle kan melde inn aktuelle hendingar og saker dei meiner kan vere relevante å ha på nettsidene våre.	
Sosiale medier	Viser kva NVP jobbar med	Synleggjering av oppgåver dei tilsette gjer for området	Alle	Dags- aktuelle	NVP	Tilsette i NVP	
Trykksaker	Kart informasjon	Brosjyrer m.m.	alle	Heile året	NVP		
UNG i Park	Kunnskap og eigarskap	Samlingar	Ungdom	Heile året	NVP	Skulane Partnerar	



